

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - B56	16/888

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2017	Kommunestyret	PS	20.02.2017

Finansiering av idrettsskulen 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skriv inn framlegg til vedtak her

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta

Kommunestyret vedtok i sak 97/16 at idrettsskulen skal drivast vidare i 2017. Rådmannen hadde i si saksutgreiing av økonomiske grunnar tilrådd at idrettsskulen skulle leggest ned frå 1.august.

Full drift av idrettsskulen heile året vil etter budsjettet kosta **kr 338 500**. I det vedtekne budsjettet ligg det **kr 183 500**. Det står då att å finansiera **kr 155 000**.

Kommunestyret vedtok i same sak at midlar til å dekkja kostnaden med idrettsskule heile året skal finnast innan kulturbudsjettet.

Rådmannen har sett på korleis ein kan greia å finna dekning for ei meirutgift på kr 155 000 innan vedteke budsjett for kultursektoren. **Ein** måte å gjera det på, går fram av oppsettet nedanfor.

Tiltak	Innsparing	Konsekvensar
Ta vekk idrettsskuletilbodet på Matre skule pga liten oppslutnad	20 000	Dei 11 elevane ved Matre skule vert utan tilbod
Redusert drift/styrka inntekt museum	15 000	Redusert opningstid. Søkja om andre tilskot
Auka foreldrebetalinga i idrettsskulen frå 460 til 600 kr pr. år	10 000	Ein auke på 30 %. Likevel eit svært rimeleg tilbod
Foreldrebetaling for heile året	10 000	Er berre rekna for 1. halvår.
Redusera kulturmidlane til frivillige lag	100 000	Mindre midlar til fordeling på frivillige lag

Vurdering

Rådmannen meiner at kommunestyrevedtaket om idrettsskolen som kommunestyret gjorde i desember, vil føra til eit dårlegare kulturtilbod til innbyggjarane våre og minka aktivitet på kulturfronten.

Kulturbudsjettet er i alt på kr 6 025 500. Kr 5 116 000 går til drifta av kulturskule, bibliotek, symjebasseng og museum. Ein stor del av dette, nærare bestemt 87 % av utgiftene i kulturskolen og 67 % innan bibliotek er lønskostnader. Ein nedgang i løyvingane til desse to tenestene, vil føra med seg reduksjon i stillingar. Drifta av Bjørn West-museet kostar oss i overkant av 400 000 årleg. Dette går fram av avtalen med Museum Vest. Drifta av bassenget er alt redusert i det vedtekne budsjettet ved at bassenget held stengt ein månad lenger enn før.

Då er det få område att der ein kan henta midlar til å driva idrettsskolen. Det mest nærliggande er å ta av det som er avsett til tilskot til det frivillige kulturlivet, med dei konsekvensar det vil få for aktiviteten.

Konklusjon

I saka har ein lagt fram skissering av finansieringsløyising idrettsskolen 2017, som vert lagt fram for Kommunestyret til vurdering, men utan tilråding til vedtak.

Kommunestyret - 006/2017

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka.

John Torsvik (H) stiller spørsmål om han er inhabil i saka sidan han er leiar i Idrettsrådet. Det vart samrøystes vedteke at Torsvik er habil i denne saka.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Sp ønskjer å utsette handsaminga av finansieringa av idrettsskolen til neste kommunestyremøte.

Grunngjeving:

- Rådmann og idrettsrådet bør gå i ein tett dialog for å koma med eit framlegg til tilråding for vidare drift av idrettsskolen ved dei 3 skulekrinsane i god tid før neste kommunestyremøte.
- I saksframlegg til neste møte må det leggest fram eit detaljert kulturbudsjettet for 2017. Kommunestyret må få sette seg grundigt inn i kvar post i budsjettet for å ta gode avgjerder på kostnadskutt for overføringar til vidare drift av idrettsskolen. Det var dette kommunestyret bad rådmannen utgreie til dette møtet.

Framlegg til vedtak frå Sp vart samrøystes vedteke.

Saka vart sendt til bake til rådmannen for vidare utgreiing.

KS - vedtak:

Saka vart sendt tilbake til rådmannen for vidare utgreiing.